

## **Koronainformasjon frå Fitjar kommune 21.08.20**

Det har oppstått fleire lokale smitteutbrot av koronavirus i Norge, som følgje av meir reiseverksemd og ferieavvikling. Nokon av desse har skjedd pga. reiser frå utlandet til Norge. Fitjar kommune følgjer nasjonale retningslinjer generelt, men Fitjar kommune innfører sterkare restriksjonar i helsesektoren frå dags dato.

Gunna auka risiko for eksponering for Covid 19 ved reise til utlandet og spreingsfare til barnehagar og skular, vel Fitjar kommune å innføra følgjande restriksjonar, i tråd med Smittevernlova § 4 – 1 d:

**«Barnehagebarn (kommunal og private barnehagar) og elevar i grunnskulen i Fitjar, Fitjar kulturskule og Fitjar Vidaregåande skule må halda seg heima frå barnehagen/skulen i 10 dagar ved ankomst frå utlandet, uavhengig av land.»**

### **Vern av sårbare grupper:**

Fitjar kommune har bestemt i hht Smittevernloven §4 følgjande førebyggjande tiltak for å verne om dei mest sårbare i samfunnet; folk som bur i helseinstitusjon og i omsorgsbustadar.

- Tilsette i helsesektoren i Fitjar kommune vert pålagt å ikkje møte på jobb i løpet av 10 dagar etter ankomst dersom dei har hatt opphald utanlands, uavhengig av land.
- Det er besøksforbod til kommunale helseinstitusjonar i 10 dagar etter ankomst dersom besøkjande har hatt opphald i utlandet, uavhengig av land, og vi rår til at det same vert praktisert for omsorgsbustadar i Fitjar.

Endringar i dette påbødet vert fortløpande vurdert.

### **Utvida tid for testing**

Folk med akutt luftvegsinfeksjon må venda seg til fastlege eller legevakt som rådfører seg med kommunal koronasentral på telefon 53 49 66 66 , som har ope 08:30 – 15:00 alle kvardagar.

Utanom opningstidene, helgedagar og laurdag/sundag vert telefonen ruta til legevakta 116117 som kan hjelpa til med rådgjeving.

### **Oppstart av barnehagar og skular**

Nasjonale smittvernstandardar vert nytta i alle barnehagar og skular. Informasjon vert gjeve til alle heimar om oppstart.

### **Oppretthald grunnleggjande smittevern !**

Vi minner på nytt om kor viktig det er at alle innbyggjarar følgjer dei generelle smittverntiltaka;

- **håndvask, spritvask**
- **avstand på minimum ein meter mellom folk.**

Dette er svært lett å gløyme ved besøk av butikkar og på offentlege stadar, men det er like viktig no som tidlegare i år. Berre slik kan vi hindre at det skjer nye utbrot i kommunen.

For private samankomstar gjeld framleis regelen om maksimum 20 personar samla.